



Jo Bjarte Tømmerbakke

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/323 - 15/1857

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

16.02.2015

Referat frå BUA-instruktørmøte 11.02.15

Det var BUA-instruktørmøte på rådhuset frå kl. 13.30 til 15.30.

Cathrine Kvalheim, Marit Mathisen, Liv-Bente E. Storheim, Marianne T. Osa, Geir Olav Repål, Maria Marøy, Ann-Kristin Kvalheim, Eli Bø Jensen, Sissel Soltveit, Annelise Gjørtz, Ina Jeanette V. Sævdal og Marit Rekstrand Dal møtte. Helge Vallestad leia (hovudsakleg) møtet, Cathrine Kvalheim skreiv referat.

Alle lærlingar som går i ny modell (12+6+6) skal ha møte med fagleg ansvarleg kvart halvår. Naudsynt at det til dette møtet ligg føre instruktøren si vurdering av lærlingen, og lærlingen si vurdering av læreplassen. Nytt malane i Opplæringsboka.

Instruktørane kan samsnakkast i arbeidet med å styrkja opplæringa av den einskilde lærlingen. Lærlingane bør få eit større prøvearbeid (liknande fagprøven, men treng ikkje vera like omfattande), kvart halvår. Ønskjeleg å samarbeida om høvelege prøveopplegg. Cathrine K, Marianne O og Marit D får i oppdrag å utvikla ei høveleg prøvesamling. Skal dei få det til, må de alle senda gruppa opplegg de har brukt.

Viktig å sørgja for gode overgangar, dvs. at instruktør tek lærlingen med og besøker ny arbeidsplass før flytting, at ein ser til at lærlingen får ny "innmat" til måldelen av Opplæringsboka, og at leiar på ny plass tek seg tid til "Velkomen til oss"-samtale.

Neste BUA-instruktørmøte vert 3. juni kl. 13.30. Deltakarane ønskjer at nokon frå fagopplæring, ev. nokon frå VGS kjem og snakkar om opplæringa av lærlingar.

Diskusjon om kva ansvar lærlingen kan få pålagd. Er dei over 18 år, har dei plikter/rettar som andre. Skal dei delta i medisinerings, krev dette sjølvstilt tilfredsstillande opplæring.

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jo Bjarte Tømmerbakke